

## 3.1 Samfunnsutvikling

### Befolkningsutvikling med framskrivingar

Giske er ei «omvendt» kommune både når vi samanliknar oss med kommunane i fylket og i landet elles. Vi har hatt ei stor tilflytting dei siste åra, og vi har ei forholdsvis ung befolkning slik tabellane syner. I fylkessamanheng er vi den kommunen som har størst innbyggjarvekst dei siste 10 åra.

#### Befolkingsauke sida 2015

	2015	2016	2017	2018
Giske innbyggartal	7 924	8 094	8 176	8 292
Giske prosentvis	2,39 %	2,15 %	1,01 %	1,42 %
Landet prosentvis	1,11 %	0,93 %	0,85 %	0,71 %

Tal henta frå Statistisk Sentralbyrå

#### Befolkningsframskriving dei neste 10 åra

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Giske normal vekst	8 380	8 466	8 572	8 676	8 775	8 879	8 988	9 091	9 200	9 317	9 429
Giske høg vekst	8 391	8 497	8 624	8 743	8 872	9 007	9 138	9 268	9 418	9 561	9 716
Årleg Giske	1,06 %	1,03 %	1,25 %	1,21 %	1,14 %	1,19 %	1,23 %	1,15 %	1,20 %	1,27 %	1,20 %
Årleg landet	0,68 %	0,67 %	0,67 %	0,67 %	0,68 %	0,68 %	0,67 %	0,67 %	0,66 %	0,66 %	0,65 %

Tal henta frå Statistisk Sentralbyrå

Grafisk befolkningsauke med relativ samanlikning mot landet

## Framskrivning med aldersgrupper

	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
<b>0</b>	97	98	98	99	101	103	105	107	109	113	115
<b>1-5</b>	625	616	600	579	564	545	551	558	567	577	590
<b>6-12</b>	844	861	847	878	876	899	904	894	888	871	858
<b>13-15</b>	366	354	392	375	405	372	376	369	375	401	406
<b>16-19</b>	461	464	480	495	495	527	521	535	542	507	527
<b>20-44</b>	2 680	2 713	2 735	2 765	2 810	2 856	2 878	2 931	2 969	3 023	3 033
<b>45-66</b>	2 187	2 200	2 204	2 224	2 234	2 240	2 274	2 260	2 271	2 320	2 369
<b>67-79</b>	794	821	874	907	918	957	976	1 005	1 021	1 036	1 048
<b>80-89</b>	265	263	269	279	299	304	326	359	381	395	409
<b>90+</b>	61	76	73	75	73	76	77	73	77	74	74
<b>Årleg-ending</b>											
<b>0</b>	-25	1	0	1	2	2	2	2	2	4	2
<b>1-5</b>	12	-9	-16	-21	-15	-19	6	7	9	10	13
<b>6-12</b>	5	17	-14	31	-2	23	5	-10	-6	-17	-13
<b>13-15</b>	17	-12	38	-17	30	-33	4	-7	6	26	5
<b>16-19</b>	12	3	16	15	0	32	-6	14	7	-35	20
<b>20-44</b>	12	33	22	30	45	46	22	53	38	54	10
<b>45-66</b>	31	13	4	20	10	6	34	-14	11	49	49
<b>67-79</b>	22	27	53	33	11	39	19	29	16	15	12
<b>80-89</b>	3	-2	6	10	20	5	22	33	22	14	14
<b>90+</b>	-1	15	-3	2	-2	3	1	-4	4	-3	0

Tal henta frå Statistisk Sentralbyrå

## Prosentvis samla befolkningsending 2019-2025

0	1-5	6-12	13-15	16-19	20-44	45-66	67-79	80-89	90+
8,25 %	-11,84 %	7,11 %	2,73 %	13,02 %	7,39 %	3,98 %	22,92 %	23,02 %	26,23 %

Tal henta frå Statistisk Sentralbyrå

Det er stort fokus på eldrebølga som slår inn over oss, og at denne er kostnadskrevjande. Vi ser ei stor auke i tal på personar med demens-liding. Dei siste åra har godt over 50 personar fått diagnosen demens årleg. Dette gir nye utfordringar i framtidsbildet vårt, og gjer at vi må arbeide vidare med tilrettelegging av tenester i heimen, og ikkje minst vidareutvikling av velferdsteknologi.

I Giske ser vi også at det å ha mange barn, og mange med utfordringar, er lik eller meir krevande økonomisk enn å tilrettelegge tenester for eldre.

## Bustadutbygging

Den nyleg godkjente arealplanen (juni 2018) legg føringar for ei stor bustadutbygging i kommunen. Vi har likevel registrert at utbygginga ikkje har tatt laust slik vi trudde. På plansida er det derimot stor aktivitet, og dette kan syne at utbygginga kan få ei opptrapping mot slutten av økonomiplanperioden.

Vi vil i økonomiplanperioden arbeide vidare for å klargjere kommunal eigedom for sal. Vi skal selge unna bustadar og andre bygningar vi ikkje brukar, og vi skal selge unna tomter vi ikkje treng til kommunal infrastruktur. Hovudregelen er at eigedom skal regulerast ferdig for sal og seljast til marknadspris.

Giske skal igjen ta i bruk verktøyet «utbyggingsavtale» for å få fortgang i bustad- og næringsutviklinga. Det vil seie at private som ønsker å bygge ut bustadområde, etter avtale med kommunen kan bygge ut teknisk infrastruktur for eiga rekning og overlevere tekniske anlegg til kommunen når dei er ferdig utbygde.

### **Næringsutvikling**

Giske er blant dei 5. største fiskerikommunar i landet. Gjøvsund, mellom Vigra og Valderøya, er prioritert satsingsområde for næringsutvikling med eit 30-tals bedrifter og 500 tilsette. Fiskerinæringa og leverandørar har ca 3 mia kroner i omsetning. Gjøvsund nasjonale fiskerihamn er prioritert utbyggingsområde i Nasjonal Transportplan (TNP) 2018-29, og kommunen har signert avtale med Kystverket om forskottering av inntil 105 mill kroner til mudring av hamna. Det vert opna for nye næringsetableringar på begge sider av sundet, der landområda vert utvida med mudringsmasse og med ny offentleg tungløftkai på Gjøvsundneset.